

Sykkelfest i sykkelbygda, Eresfjord Classic 2023

Eresfjord Classic arrangerast laurdag 19 .august. Dette er eit showritt der målet er å kome først opp til Fjellgarden på Vistdalsheia. Men du starter til ulike tider, dei med størst «handicap» får eit forsprang på 30 minuttar før dei ander og proffane startar. Bjørn Tore Hoem har løyperekord frå Coop Eresfjord og opp til Fjellgarden med tida 19.01.

Eresfjord Classic er ein konkurranse der alle kan delta. Arrangørstaben bestemmer ditt handicap for når du kan starte, vanlegvis med intervaller på 5 eller 10 minutt. Uansett startrekkefølge er det om å gjere å kome seg først til mål på Fjellgarden 500 meter over havet.

Det er også egen klasse for barn, Classic junior, eit eige sykkelløp for dei yngste tom 11 år. Dette går Siramoen/Smehagen rundt, ei kort løype i flatt terreng. Uten tidtaking og foreldre/foresatte må vere med. Premiar til alle.

I tillegg til sykling er det også egne klasser for løping, rulleski og elsykkel.

Du bør melde deg på innan 18.august. Etterpåmeldte får ingen tidtaking.

Det er alltid show under Eresfjord Classic. Publikum stiller seg opp langs løypa og heier fram deltakarane. Det er fritt fram for kostymer og farkoster som skiller seg ut.

Eresfjord Classic har alltid hatt eit rikhaldig premiebord. Slik også i år.

Det er Eresfjord Idrettslag som er arrangør.